



## Statens vegvesen

Lygra Grunneigarlag

Ole Bakkebø

Behandlande eining:  
Region vest

Sakshandsamar/telefon:  
Tone Bøyum / 55516792

Vår referanse:  
17/203053-3

Dykkar referanse:

Vår dato:  
08.01.2018

### Førehandstilsegn – Avkøyrslø – Utvida bruk – FV. 404 – Gnr. 58 bnr. 9 – Lindås kommune

Vi viser til søknad av 14.11.2017.

Søknaden gjeld utvida bruk av avkøyrslø til fv. 404. Statens vegvesen var på synfaring 05.12.2017. Vi finn at denne avkøyrslø ikkje tilfredsstiller dei krav vi stiller til utforming og sikt. Avkøyrslø må difor opparbeidast i samsvar med våre krav før vi gjev eit løyve til utvida bruk.

#### Vedtak

Med heimel i veglova [§ 40](#) og [§43](#) gir vi løyve til utvida bruk av avkøyrslø frå fv. 404 til gnr. 58 bnr. 9 i Lindås kommune.

#### Vilkår for løyvet

Løyvet blir gitt i samsvar med *forskrift om alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørsler fra offentlig veg frå Vegdirektoratet 16.7.1964 og forskrift om retningslinjer for behandling av avkjørselssaker for riksveg frå Samferdselsdepartementet 26.2.1982.*

1. Avkøyrslø skal plasserast i tråd med situasjonsplan, datert 05.01.2018. I tillegg skal ein følge *Krav til utforming av avkøyrslø*, som ligg ved.
2. Løyvet gjeld utvida bruk / landbruksnæring.
3. Frisikt 1,1 meter over bakken 4 meter inn i avkøyrslø skal vere minimum 45 meter til kvar side av køyrebana. Eventuelle planter og liknande i frisiktsona kan ikkje vere høgare enn 0,5 meter (sjå *Krav til utforming av avkøyrslø*). Vi vil særleg gjere merksam på at steingarden også kan vere eit sikhindrande element.

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region vest  
Postboks 43  
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00  
firmapost-vest@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Nygårdsgaten 112  
5008 BERGEN

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Regnskap  
Postboks 702  
9815 Vadsø

4. Svingradius skal vere 4 meter (diameter 8 meter). Svingradius skal markerast tydeleg med til dømes betongkant, grøft eller annan avvisande kant mot sideterrenget. Det smalaste punktet i avkøyrsla skal vere 5,5 meter.
5. Stigningskravet må haldast (sjå *Krav til utforming*). Vi vil her særleg gjere merksam på at avkøyrsla skal ha fall frå hovudvegen med fall på 5 cm på dei første 2 meterane.
6. Løyvet gjeld berre tilknytingspunktet til riks-/fylkesvegen. Søkar må sjølv avklare eigedomstilhøva og innhente dei nødvendige rettane som gjeld bruk og opparbeiding av avkøyrslar, frisisiktsoner og tilkomstveg. Desse rettane bør ein tinglyse.
7. Dersom avkøyrsla går over ei vegggrøft, må det leggjast eit røyr. Røyrret må vere tilstrekkeleg langt og leggjast slik at grøfta ikkje blir skadd, og slik at grøftvatnet får renne unna. Sjå *Krav til utforming av avkøyrslar*.
8. Så snart avkøyrsla er ferdig bygd, må det vedlagde skjemaet *Melding om opparbeidd/nybygd/endra avkøyrslar* underskrivast og sendast i retur. Avkøyrsla skal vere godkjend av Statens vegvesen før nye byggearbeid blir set i gang.
9. Det er eit vilkår at kommunen gjev naudsynte løyver til tiltaket.
10. Arbeidet må være starta opp innan tre – 3 – år etter at løyvet er gitt, viss ikkje fell løyvet bort.

Eigaren eller brukaren av avkøyrslan har sjølv ansvaret for at *Krav til utforming av avkøyrslar* til kvar tid er oppfylt, mellom anna krav til frisiko (jf. veglova § 43). Dersom krava ikkje er oppfylte, kan Statens vegvesen trekkje tilbake løyvet.

Vi gjer merksam på at arbeidet med avkøyrsla kan krevje arbeidsvarsling og/eller graveløyve. For meir informasjon, sjå:

<http://www.vegvesen.no/fag/Veg+og+gate/Arbeidsvarsling>

<http://www.vegvesen.no/fag/Veg+og+gate/gravemelding/gravetillatelse>

### **Bakgrunnen for vedtaket**

Statens vegvesen skal i vurderinga leggje vekt på framkomst og trafikktryggleik på vegen det er søkt om avkøyrslar frå.

Tiltakshavar har søkt kommunen om bruksendring av to uthus på bruket, slik at bygningsmassen kan nyttast til utleige og overnatting. Det er opplyst at tiltaket er i samsvar med arealføremålet i *Kommunedelplan for Lindåsane, Lygra og Lurefjorden (2015)*.

Dagens avkøyrslar er ikkje i samsvar med Handbok N100. Før vi kan gje løyve til utvida bruk er det eit vilkår at avkøyrsla er opparbeidd i samsvar med våre krav. Endeleg plassering av

avkøyrsla kan justerast litt, dersom ein ikkje ynskjer inngrep i steingarden. Ein må likevel sørge for at siktkrava vert oppfylt.

Krava vi har satt til utforming har mellom anna bakgrunn i skilta fartsgrense 50 km/t og årsdøgertrafikk (ÅDT) 250. Strekinga er klassifisert til *Haldningsklasse 4* jf. *Rammeplan for avkøyrslar og byggjegransar på riks- og fylkesveggar i Region Vest (2013 - 2016)*.

### **Rett til å klage**

Ein kan klage på vedtaket, jf. forvaltningslova § 28. Informasjon om å sette fram klage, går fram av skjemaet [«klage på forvaltningsvedtak»](#). Fristen for å klage er tre veker frå vedtaket vart motteke. Klageinstansen er Hordaland fylkeskommune. Send klagen til Statens vegvesen Region vest PB. 43, 6861 Leikanger evt. firmapost-vest@vegvesen.no , som vil sende klagen vidare til klageinstansen.

Plan og forvaltningsseksjonen Bergen  
Med helsing

Kari Elster Moen  
overingeniør

Tone Bøyum  
overingeniør

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*

### **Vedlegg**

Veglova [§ 40](#) og [§43](#)  
Situasjonsplan datert 05.01.2018  
Krav til utforming av avkøyrslar  
Melding om opparbeidd/nybygd/endra avkøyrslar

Kopi  
Lindås kommune, Kvernhusmyrane 20, 5914 ISDALSTØ

Statens vegvesens saksnummer 17/203053

## Melding om endra avkøyrslø

Eg/vi melder om at avkøyrslø frå fv. 404, hp 3, km 3,667, er ferdig opparbeidd i samsvar med vilkår fastsett i løyve datert 08.01.2018.

.....  
Sted/dato

underskrift søker/grunneigar


.....  
Underskrift utførande entreprenør

Samtykke sendast til: [firmapost-vest@vegvesen.no](mailto:firmapost-vest@vegvesen.no)


# KRAV TIL UTFORMING AV AVKØYRSLE utan gs-veg

## PLANSKISSE AV AVKØYRSLE


Revidert  
02/2017




## LENGDESNITT I GRØFT VED AVKØYRSLE



## SNITT GJENNOM MIDTLINE I AVKØYRSLE



## MINSTEKRAV TIL SIKT I AVKØYRSLE





58/5

Siklinjer

r=4m



Situationskart  
Gnr. 58 bnr. 9 Lindås  
05.01.2018  
Målestokk 1:500  
Statens vegvesen